



Runar ved mjølkeroboten som betyr ein stor rasjonalisering med sikte mot framtida

På Halsnøy og i Omvikedalen har det vore lausdrift og mjølkerobot ei stund på fleire gardar, men no har også Uskedalen teke dette viktige steget i mjølkeproduksjonen.

Runar Myklebust har gjort etter å ha utvida driftsbygningen med 129 kvadratmeter i retning mot dalen. Det er eit nytt døme på at bøndene også i vår bygd satsar friskt og optimistisk. uskedalen.no erfarer at fleire står på spranget til å installera slikt utstyr. Det skjer i stor grad som ein konsekvens av kravet frå styresmaktene om innføring av lausdrift frå 2024.

Runar slår fast at han utan dette kravet ikkje hadde gjennomført denne satsinga så tidleg.

Den 35 år gamle driftsbygningen på den staselege garden er forlenga slik at det vert plass til å auke talet på mjølkekyr frå 35 til 40/45 utover hausten men målet er 50.

Prosjektet inneber også ein auke i mjølkekvota frå 320 000 no til 400 000 liter, noko som vert dekkja både via Staten og privat. Oppkjøpet har allereie pågått ei tid.

Prosjektet byggjer på ein driftsplan som TINE har laga.

Runar påpeikar eit viktig poeng ved satsinga: Heretter må ikkje den som står for fjøsstellet stå grytidleg opp - Vi får no langt større fleksibilitet i arbeidstida, men timetalet i fjøset vert ikkje auka, seier han.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen



Målet er 50 mjølkekyr